



Saksframlegg

Søknad om motorferdsel i utmark med ATV på barmark - Rune Solli

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		17.06.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

- Søknad frå Rune Solli om bruk av ATV på barmark
- Tilleggsopplysningar til søknad
- LOV-1977-06-10-82 - Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven)
- FOR-1988-05-15-356 - Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag

Vedlegg

1

Kart gbnr 16.179

Bakgrunn for saka:

Rune og Vigdis Solli eig hytte ved Lomtjønn, gbnr. 16/179 i Birtedalen. Hytta ligg om lag 850 meter frå fylkesvegen til Birtedalen. Solli søker no om løyve til å nytte ATV på barmark for transport av byggematerialar, drivstoff, gass m.m. til hytta. Det søkjast om løyve for ein periode på 9 år, for Rune Solli, Vigdis Solli og Joachim Solli (son).

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal- og utmarksressursane på ein berekraftig måte.

Etter motorferdselslova §3 er motorferdsel i utmark forbode, med mindre det er gjort unntak i lova eller i vedtak (forskrift eller enkeltvedtak), med heimel i lova. Etter motorferdselslova §4a kan motorkjøretøy kun nyttas i samsvar med forskrift gitt av departementet, i dette tilfellet FOR-1988-05-15-356 - forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag. For at ein skal ha lov til å køyre ATV til hytta, må forskrifta anten ha ei bestemming som gjev eit generelt unntak frå forbodet i motorferdselslova §3 for den aktuelle køyringa, eller det må finnast ei bestemming i forskrifta som gir kommunen moglegheit til å fatte vedtak om å gjere unntak frå motorferdselforbodet i enkelttilfelle.

Det er tre paragrafar i forskrifta som kan gje moglegheit til å køyre ATV på barmark. §2 gir direkte unntak for å køyre til fleire nærare angitt føremål. Køyring i samband med byggjearbeid på ei hytte er ikkje blant føremål som nemnast her. Vidare gir §5a kommunen moglegheit til å gje tillating til køyring på barmark «i forbindelse med utmarksnæring». Transporten det her søkjast om er ikkje å definere som «utmarksnæring» og bestemminga er med det ikkje aktuell i saka. Den einaste bestemminga som kan være aktuell som grunnlag for eit løyve i denne saka, er med det den generelle bestemminga i forskriftas §6.

Etter bestemminga i §6 kan kommunen «*i unntakstilfeller*» gje løyve til køyring som ikkje går inn under andre paragrafar i forskrifta, «*dersom søkeren påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring, og som ikke kan dekkes på annen måte*». Lovverket stiller her vilkår som må være oppfylt for at kommunen i det heile tatt skal kunne gje løyve.

I rundskriv T-96/1 skriv Miljøverndepartementet at forskriftas §6 skal «*praktiseres enda strengere for barmarkskjøring enn for kjøring på vinterføre. Barmarkskjøring kan kun tillates i helt spesielle tilfeller. Kan det komme på tale å gi dispensasjon for barmarkskjøring etter forskriftens §6, skal det skje etter en meget streng vurdering av vilkårene*».

Dette må sjåast på som bindande instruks om tolkinga, som myndigheitene som skal gje dispensasjon, må leggje til grunn. For søknadar om barmarkskjøring må det med det dreie seg om «*et helt spesielt tilfelle*» for at kommunen skal kunne gje dispensasjon.

I søknaden nemnast det behov for transport av «*mat for lengre opphold, drivstoff, gass og ting&tang til hytta*». Behovet for transport av bagasje og utstyr til ei hytte er openbart ikkje eit «særleg behov» i forskriftas forstand.

Forskrifta krev som nemnt at søkjar dokumenterar eit særleg behov som ikkje kan dekkast på ana måte. Den klare hovudregelen i forskrifta er at transport som *kan* skje på snodekt mark, *skal* skje på snodekt mark. Fyresdal kommune har i tidlegare sakshandsaming vore tydelege på at dette skal ligge til grunn ved denne type avgjersler. Søkjar har gyldig løyve for bruk av snoskuter til hytta ved Lomtjønn.

Det avgjerande spørsmålet blir her om søkjar har dokumentert eit transportbehov som ikkje kan dekkast ved køyring på snodekt mark. Sjølv om det meste av materialar fraktast opp vinterstid, er det jamfør søknad, i tillegg til transport av proviant og utstyr, behov for supplering av materialar til hytta, og til fornying av boden. For hytteeigar vil det være praktisk at bygging/oppussing skjer om sumaren. Søkjar skriv at svikt i helse gjer tunge børar opp til hytta utfordrande. Ein kan likevel vanskeleg sjå at det i søkjars tilfelle kan seiast å vere eit «*helt spesielt tilfelle*» å gjennomføre transporten, også fordi det søkjast om løyve for ein periode på 9 år, med inn til 30 turar i perioden.

Søkjar har i eit ettersendt skriv påpeika at transporten går føre seg langs trase innarbeid som bilveg i reguleringsplan som er godkjent av kommunen. Frå kommunen si side poengterast det likevel at planen ikkje er påbegynt, og sjølv om traseen er godkjent i plan, gir ikkje dette enklare tilgang til å innvilge løyve for motorisert ferdsel langs traseen. Slik traseen ligg i dag, er transport her framleis å sjå på som motorisert ferdsel i utmark. Det er i så måte ikkje eit argument at det allereie foregår, lovleg eller ulovleg, transport langs traseen, og at det kun køyrast etter allereie eksisterande slepe/køyrespor.

Ut i frå føringane om at vilkåra skal tolkast strengt ved søknader om køyring på barmark, meiner Fyresdal kommune at regelverket ikkje opnar for å gje løyve i denne saka, og at den omsøkte transporten i staden må gjennomførast på snodekt mark.

Til grunn for eit kvart vedtak som rører ved natur, skal saka greiast ut i medhald av naturmangfaldlova §§8-12. Då ein i denne saka meiner motorferdselslova ikkje opnar for å gje løyve til den omsøkte transporten, og motorferdselslova er sektorovergripande lovverk, ser ein ikkje grunn til å utgreie saka i medhald av ana lovverk.

Konklusjon:

Gjeldande lovverk som omhandlar motorferdsel i utmark på barmark er svært strengt, og skal handhevast strengt. Føremåla med den omsøkte transporten kan fint løysast på snodekt mark med snoskuter, om så delar av bygge-/vedlikehaldsprosjekt må utsetjast på grunn av manglande materialar. I Fyresdal er det mange hytter som ligg avsides til, og som kunne ha behov for transport sumarstid. Søknaden her er ikkje spesiell, og eit positivt vedtak i saka vil skape presedens for tilsvarande saker, og hole ut lovverket. Fyresdal kommune ynskjer ikkje å opne for transport på barmark, og finn heller ikkje at lovverket opnar for å kunne gje løyve i saka.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Med heimel i LOV-1977-06-10-82 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og FOR-1988-05-15-356 Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, får Rune Solli avslag på sin søknad om å nytte ATV for transport på barmark til eiga hytte ved Lomtjønn. Avslaget grunngjevast med at lovverket ikkje opnar for å gje løyve til transporten det søkjast om, og at transporten fint kan løysast vinterstid i medhald av innvilga løyve for bruk av snoskuter.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef